

Forbøn for kyrkja og verda – lokalt tilrettelagd

II. modellar for lokalt tilrettelagde forbøner

Forbønsmodell 1 (følgjer temaområda)

L | Lat oss be for folk og nasjonar i verda og for vårt eige folk og land.

ML | Vi takkar deg, Gud, vår skapar for at vi lever i eit trygt og godt land. Vi bed for alle som flyktar frå krig og fattigdom, gjev dei fred og håp om ei betre framtid.

Vi takkar for jorda vi bur på. Hjelp oss å ta vare på naturen og alle ressursane vi har fått. Hjelp oss å dela rett, så alle får det dei treng for å leva.

Vi bed for dei som styrer og har makt, for kongen vår og hans hus, gjev dei tru og visdom i arbeidet for fred i verda.

Vi bed for dei som er sjuke, for dei som er einsame, for dei som manglar noko og for dei som strevar med livet. Vi bed for alle som opplever vald og overgrep. Gå med oss og gjev oss håp om ei betre framtid.

Du har vist oss at alle menneske er like viktige og verdifulle. (jeg kant tenke meg og fjerne den setninga)

Hjelp oss til å kjempa mot undertrykking og urett.

Vi bed i dag særskilt for . . . *(her nemnas aktuelle kriser, lokalt eller internasjonalt).*

Vi bed for born og unge, for heimar, barnehager og skuler. Du har gjort borna så avhengige av oss vaksne. La våre hjarte fyllast med varme og tolmod, visdom og livsglede. La borna bli sterke, trygge og sjølvstendige og finna fram til ei trygg tru på deg.

Vara oss alle i din kjærleik og omslutt oss med din fred.

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

L | Lat oss be for kyrkja; den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land og kyrkjelyden vår.

ML | Vi takkar deg Jesus, vår frelsar, for at du har kome til oss i vår verd med tru, håp og kjærleik for alle menneske.

Vi takkar deg for fellesskapet mellom alle kristne, i kyrkjelyden vår og i heile verda. Vi bed om at kyrkjelyden vår må vera fylt av din ande og kjærleik, så vi elsker kvarandre som syskjen. Vi bed at vi må vera dine auge og øyrer, hender og føter her vi bur.

Vi bed for tilsette og friviljuge og for vårt arbeid i kyrkjelyden. Må du velsigna vårt arbeid.

Vi bed om vekst i trua, for dei som er nye i trua, for konfirmantane våre, for foreldre, for dei eldre og for dei som nærmar seg slutten av livet, så vi alle finn tryggleik i trua.

Vi bed for misjonsarbeidet i Blånildalen i Etiopia, for misjonærane og kyrkjelydane. Må du lata arbeidet vera grøderikt og til velsigning for dei som bur der.

Dersom det er dåp:

Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen, der du tek imot oss og kallar oss med namn. Vi bed for *førenamnet på borna* som er døypte i dag. Ver med dei gjennom livet og vara dei i dåpens nåde. Styrk foreldra og fadrane vi oppgåva dei har fått.

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

ML/L | Lat oss be for det som ligg oss på hjartet.

ML | Vi takkar deg, Heilage Ande, for tru og hjelp i livet vårt. Kom til oss med di velsigning og hjelp oss å vera lys og salt i verda.

Vi bed i dag særskilt for *her kan nemnast bønner som er levert inn på førehand*.

Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Stille bøn

L | I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for, i Jesu Kristi namn.

K | Kyrkjelydssvar + Amen.